

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### MØTEINNKALLING

**Dato:** tysdag 2. februar 2021

**Tid:** kl. 18.00

**Sted:** Microsoft TEAMS møteportal

**Forfall meldes til:** Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tlf. 52 75 73 50 eller tlf. 95 98 69 79 /SMS/ e-post: *post@kontrollutvalgene.no*

Grunna smittevernomsyn og tilrådingar frå sentralt hald vert det lagt opp til digitalt møte. Lenke vil bli sendt ut dagen før eller same dag som møtet vert heldt til dei aktuelle, då frå politisk sekretariat.

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på sekretariatet si [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no).

---

**Saksliste:**

- 1/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 08.12.20**
- 2/21 Orientering frå administrasjonen- økonomisjefen**
- 3/21 Oppfølging av etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2019**
- 4/21 Prosjektet «Turveg til Himakånå» - rapport frå rådmann og ordførar**
- 5/21 Invitasjon til deltaking i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken**
- 6/21 Kontrollutvalet si årsmelding for 2020**
- 7/21 Referat- og orienteringssaker 02.02.21**

**Eventuelt**

Aksdal, 26.01.21

Ola S. Apeland (sign.)  
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert/innkalla)
	Varamedlemmer	(til orientering)
	Presse/publikum	

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kontrollutvalet	02.02.21	<b>1/21</b>

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	033	

## **GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 08.12.20**

**Sekretariatet sitt forslag til vedtak:**

Protokoll *frå møtet i Tysvær kontrollutval 08.12.20 blir godkjent slik han ligg føre.*

**Vedlegg:** Protokoll fra møtet 08.12.20

**Saksorientering:**

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 08.12.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen, utvalet og andre aktuelle slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 26.01.21

Toril Hallsjø (sign.)  
*Dagleg leiar/utvalssekreterær*

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **8. desember 2020** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola S. Apeland.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kommunestyresalen
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.10 – kl. 19.05
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Ola S. Apeland (H), Karsten A. Larsen (FrP), Emly Årvik (A) og Marit Hølland Gjedrem (Sp) (f.o.m. sak 30/20)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	1. varamedlem Lars Birger Baustad (FrP)
<b>FORFALL:</b>	Svein Terje Brekke (KrF)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekreter Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge, KMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Sigmund Lier (A) Rådmann Sigurd Eikje
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Utvalsleiar hadde varsle at sak 26 utgår.
<b>FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:</b>	
<b>SAK 25/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.09.20</b>	
<b>Sekretariatet si innstilling:</b>	Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 15.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.
<b>Handsaming i kontrollutvalet 08.12.20:</b>	Utvælet hadde ingen merknader.
<b>Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.12.20:</b>	

*Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 15.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 26/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – ØKONOMISJEFEN**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå økonomisjefen om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 08.12.20:**

Utvaleiar hadde gjort framlegg at saka vert utsett. Utvalet støtta framleggget.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.12.20:**

*Saka vert utsett.*

## **SAK 27/20 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2020**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge, KPMG AS til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 08.12.20:**

Utvalelet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.12.20:**

*Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge, KPMG AS til orientering.*

## **SAK 28/20 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2019 – REVISOR SI ATTESTASJON**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå KPMG AS om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 og revisor si gjennomgang til orientering.

Tysvær kontrollutval ber om at rådmannen gjer tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sitt brev nr 3 innan 20.01.21.

### **Handsaming i kontrollutvalet 08.12.20:**

Oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge, KPMG AS gjorde greie for bakgrunn for val av kontrollområde, om kontrollen og deira funn som har ført til negativ konklusjon. Det omhandla to forhold: manglande konkurranseutsetting og manglande protokollar.

Utvaleiar meinte dette var så viktig å følgje opp og la fram nytt forslag til. Utvalet støtta framleggget.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.12.20:**

*Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå KPMG AS om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 og revisor sin gjennomgang til orientering.*

*Kontrollutvalet viser til revisor sitt brev av 30. november 2020 etter forenkla etterlevingskontroll, som viser klare avvik m.o.t. manglende arkivert anskaffelsesprotokoll for 6 av 11 kontrollar som er gjennomført.*

*5 anskaffelser er utført i samarbeid med andre, og desse protokollane er ikke kontrollert. Vidare avdekker forenkla etterlevingskontroll manglende gjennomføring av konkurranse ved 6 av 13 kontrollerte anskaffelser ved kjøp over kr 100.000.*

*Kontrollutvalet konstaterer at Tysvær kommune ikke i tilstrekkelig grad etterlever eiga innkjøpsreglement og lov om offentlege anskaffelser, og viser til rådmannen sitt eige svar om at ein vil ha forsterka fokus på dette framover.*

*Tysvær kontrollutval ber om at rådmannen gjer ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sitt brev nr. 3, og ber om ei grundig tilbakemelding innan 20. januar 2021.*

*Kontrollutvalget ber rådmannen kommentere samtlige avvik.*

## **SAK 29/20 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPEN 2020**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar revisjonsplan 2020 fra KPMG for rekneskapsrevisjonen og presentasjonen frå revisor om interimsrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 08.12.20:**

Utvalet hadde ingen merknader til planen. Planen vert ettersendt.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.12.20:**

*Tysvær kontrollutval tar revisjonsplan 2020 fra KPMG for rekneskapsrevisjonen til orientering.*

## **SAK 30/20 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet ”.....” til neste møte på nyåret 2021.

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar: .....

### **Handsaming i kontrollutvalet 08.12.20:**

Marit H. Gjedrem tiltredde møtet. Utvalsleiar innleia. Han meinte utvalet burde velje prosjekt nr 2 om kommunen sin økonomi i staden for prosjekt nr 1 om beredskap.

Vidare hadde han ønske om at Rogaland Revisjon var det selskapet som utførte revisjonen, då kommunen står føre eit revisorskifte i 2021. Noverande avtale med KPMG inneholder opsjon på kjøp av forvaltningsrevisjon, så utvalet står fritt til å velje andre leverandørar.

Revisor gjorde utvalet merksam på at kjøpet/oppdraget må ut på anbod når oppdraget overstig terskelverdi for kjøp over kr 100.000.

Utvalsleiar sitt framlegg med innspel til tema og problemstillingar blei delt ut.

Ordførar støtta eit bytte av prosjekt. Kommunen vil, som følgje av langt færre skuleborn (250 innan få år), enorm auke i talet på eldre og reduksjon av inntekter, måtte gå gjennom store strukturendringar dei neste ti åra. Rådmannen viste til at det ville bli arrangert eit økonomiseminar 8. januar i regi av KS med dette som tema.

Utalet hadde ikkje problem med å endre på rekkjefølga, då kommunestyret har gjeve utalet mynde til å endre planen, spesielt sett i lys av dei signala som har kome fram under årets budsjettetthandsaming. Leiar peika på at prosjektet kunne vere ei vanskeleg balansegang mellom politikk og revisjon, men meinte det var viktig å få meir dokumentasjon innan dette område.

Framlegget blei vedtatt slik det var fremma. Utvalssekreter blei bedt om å sørge for at gjeldande regelverk blir følgd.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.12.20:**

*Tysvær kontrollutval vel «Reduksjon av framtidig inntektsgrunnlag» som forvaltnings-revisjonsprosjekt i 2021, og ber om at Rogaland Revisjon IKS legg fram forslag til prosjektmandat i neste møte.*

Utalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

- *Tysvær som normalinntektskommune,*
- *tenestetilbodet innan lovpålagte teneste,*
- *demografiske utfordringar,*
- *omstillingsarbeidet og spareprogram, erfaringar og vidare planar,*
- *innkjøp,*
- *moglege innsparingsområde samanlikna med andre kommunar og*
- *andre område revisjonen finn som aktuelle.*

## **SAK 31/20 MØTEPLAN FOR 2021 - KONTROLLUTVALET**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2021:

tysdag 02.02, 18.05, 08.06, 14.09 og 09.11 kl. 18.00.

Utvalssekreter kan, i samråd med leiar, endre møtedato når det er naudsynt.

### **Handsaming i kontrollutvalet 08.12.20:**

Utvalsleia peika igjen på sitt ønskje om at dagens møte burde blitt gjennomført digitalt og at dette må bli nytta i tida framover, om smittesituasjonen på Haugalandet ikkje vert betre. Utalet hadde ingen merknader til datoane.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.12.20:**

*Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2021:  
tysdag 02.02, 18.05, 08.06, 14.09 og 09.11 kl. 18.00.*

*Utvalssekreter kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.*

**SAK 32/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.12.20**

39. Statusrapport pr. november 2020
40. Kommunestyrevedtak 22.09.20, sak 81/20 – Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024
41. Kommunestyrevedtak 22.09.20, sak 82/20 – Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024
42. Kommunestyrevedtak 22.09.20, sak 83/20 – Forvaltn.rev.rapport « Byggesak»
43. Kommunestyrevedtak 22.09.20, sak 84/20 – Oppfølging av rapport «Pleie og omsorg»
44. Kommunestyrevedtak 22.09.20, sak 85/20 – Val av revisjon fra 01.07.21
45. Kommunestyrevedtak 20.10.20, sak 102/20 – Tertialrapport 2
46. Statusrapport 28.10.20 fra kommunalsjef teknisk om saka «Turveg til Himakåna»
47. FKT- info september 2020
48. Henvendelser til kontrollutvalet – fra FKT «Veileder for sekretariat for kontrollutvalg»
49. NKRF/dept. 24.08.20 – Enkeltrepresentantar kan delta digitalt i eit ellers fysisk møte
50. NKRF/dept. 02.10.20 – Sekretariatet kan delta digitalt i fysiske møter i kontrollutvalet
51. Protokoll frå digitalt representantskapsmøte 27.10.20 – Krisesenter Vest IKS
52. Protokoll frå digitalt representantskapsmøte 13.11.20 – Haugaland brann og redning IKS
53. Innkalling til digitalt representantskapsmøte 02.12.20 – HIM IKS
54. Innkalling til digitalt representantskapsmøte 11.12.20 – Haugaland Vekst IKS
55. Rogaland kontroll- og kvalitetsutval 26.11.20, sak 59 - Haugalandspakken – forvaltningsrevisjon - prosjektmandat

**Handsaming i kontrollutvalet 08.12.20:**

Som nr 55 refererte utvalsleiar om fylkestingets vedtak om forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken og invitasjon for kommunane til å delta. Sak vil komme i neste møte. Utvalet hadde ingen merknader til sakene.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.12.20:**

*Referatsakene nr 39 – 55 blir tatt til orientering.*

**EVENTUELTT**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte:** tysdag **2. februar** 2021, kl. 18.00

**Saker:** Orientering frå ny økonomisjef, tilbakemelding om innkjøp, oppfølging av prosjekt «Turveg Himakåna», bestilling av revisjonsprosjekt, prosjekt «Haugalandspakken og utvalet si årsmelding 2020.

Aksdal, 8. desember 2020

Ola S. Apeland (sign.)  
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kontrollutvalet	02.02.21	<b>2/21</b>

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	216	

## ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – ØKONOMISJEFEN

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

*Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå økonomisjefen om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.*

### Saksorientering

Utvælt vedtok i møtet 04.02.20, sak 2/20 følgjande:

*Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:*

*Møtet 12.05.20      Kommunalsjef oppvekst og kultur* (blei utsett til møtet 09.06.20)

*Møtet 09.06.20      Barnevernsleiar og kommunalsjef oppvekst og kultur*

*Møtet 15.09.20      Kommunalsjef helse og mestring* (blei utsett på nyåret 2021)

*Møtet 10.11.20      Økonomisjef* (blei utsett til 1. møte i 2021)

*Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.*

*Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei oversendt rådmannen 07.02.20.

Etter avtale med nylig tiltrådt økonomisjef Meike Baumgart stillar ho til møtet for å orientere om sitt arbeids- og ansvarsområde.

Sekretariatet vil gjere framlegg (kun rettleiande) at det vert orientert om følgjande tema:

**Tenesteområda og tenestetilbod**

- Korleis tenesteområda er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområda

**Talet tilsette på tenesteområda**

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidrarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

**Budsjett og rekneskap**

- Rammer
- Resultat

**Tankar om framtida**

- Utfordingar
- Planar

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg.

Det er greit, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 26.01.21

Toril Hallsjø (sign.)

*Dagleg leiar/utvalssekreter*

SAKSGANG		
Utvale	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	02.02.21	<b>3/21</b>

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

## OPPFØLGING AV FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2019

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

*Tysvær kontrollutval tar rådmannen sin tilbakemelding 15.01.21 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltningen og anskaffinger for 2019 til orientering.*

- Vedlegg:**
1. Rådmannens sin tilbakemelding, dagsett 15.01.21
  2. Revisor sitt brev til ledelsen nr 3 dagsett 30.11.20

### Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok samråystes i møtet 08.12.20, sak 28/20 følgjande:

*Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale fra KPMG AS om etterleving av økonomiforvaltningen for 2019 og revisor si gjennomgang til orientering.*

*Tysvær kontrollutval ber om at rådmannen gjer tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sitt brev nr 3 innan 20.01.21.*

Etter den nye kommunelova § 23-2 bostav B skal kontrollutvalet mellom anna sjå etter at «... at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak».

Vidare står det i kommuneloven § 24-9 om kontroll med økonomiforvaltninga følgjande:

«Regnskapsrevisor se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

*Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.*

*Revisor skal senest 30. juni avgje en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen».*

## **Uttalen for 2019**

På grunn av koronapandemien ble fristen i 2020 skjøve ut i tid til 15. september. KPMG AS kom med si uttale 30.11.20 for perioden 01.01.-31.12.19. Revisor kom med negativ konklusjon og skrev mellom anna:

### **Grunnlag for negativ konklusjon**

*Kontrollen av enkeltanskaffelser viser at det mangler arkivert anskaffelsesprotokoll for 6 av 11 kontroller som er gjennomført. 5 anskaffelser er utført i samarbeid med andre, og disse protokollene er ikke kontrollert. I tillegg får vi opplyst at det er ikke gjennomført konkurranse for 6 av 18 anskaffelser.*

Revisor hadde også skreve nummert brev (nr 3), dagsett 30.11.20, kor meir detaljar om kontrollen blei nærare omtalt. Området som KPMG hadde valt var innan området offentlege anskaffingar. Kontrollen var knytte til drift, ikkje til investeringar og til innkjøp over kr 100.000.

Rådmannen kom med følgjande kommentarar, som var tatt inn i revisor sitt brev:

*«Tysvær kommune har siden 2009 bygget opp sin innkjøpsorganisasjon med mål å sikre etterlevelse av anskaffelsesregelverket og oppnå effektiv ressursbruk og lovpålagte samfunnshensyn. Mye er gjort, kommunen har digitalisert bestilling (15% av alle kjøp er i dag via Visma Ehandel), utlysningsprosess og avtaleforvaltning, og de registrerte avtalene – konsernavtalene og mange enkeltavtaler, er kategorisert og gjort tilgjengelige for alle ansatte å lese.*

*Kommunen er i prosess med å kartlegge og registrere lokale avtaler inngått av de enkelte resultatområdene. Mye er på plass, spesielt hva gjelder kommunedekkende rammeavtaler, men fremdeles gjenstår endel arbeid for å sikre at alle prosedyrer blir fulgt opp i samband med all anskaffelse – noe revisor sine funn understøtter. Det er utformet regler og retningslinjer for hvordan enkeltinnkjøp skal skje, og det er viktig at det arbeides kontinuerlig med å sikre at disse blir fulgt.*

*Målet skal alltid være at ingen ulovlige anskaffelser skal skje. Rådmannen vil ha forsterket fokus på dette framover».*

## **Rådmannen si tilbakemelding**

Vedlagt følgjer rådmannen si tilbakemelding, dagsett 15.01.21. Der skriv han at etterlevingskontrollen avdekkja eit forbettingspotensiale, spesielt med å følgje opp administrative rutinar og retningsliner. Vidare blir dei seks avvika nærare forklart i tilbakemeldinga. I følgje rådmannen tar kommunen dette på alvor og jobbar målretta for å byggje kommunen som ein effektiv og profesjonell innkjøpsorganisasjon. Det blir i tilbakemeldinga vist til kommunen sin innkjøpstrategi og -reglement, som dei no er inne i ein ny prosess for perioden 2021-2025.

**Sekretariatet sine kommentarar**

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav B og forskrift for kontroll og revisjon § 3, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rekneskapsreviosr sine påpeikingar blir retta eller fulgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Hvis påpeikingane ikkje blir retta eller fulgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterer om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen i denne saka har gjeve ei grei tilbakemelding. og kontrollen har gjort at det er tatt tak i rutinane, og forbetringstiltak er sett i verk.

Etter § 24-7 siste ledd skal revisor årleg gje ein skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om skriftlege påpeikingar som er tatt opp, men som ikkje er retta opp eller som ikkje er tilstrekkeleg fulgt opp. Etter denne tilbakemeldinga frå administrasjonen vil dei då kunne vise til kva som er blitt gjort i etterkant av kontrollen.

Aksdal, 25.01.21

*Toril Hallsjø* (sign.)  
Dagleg leiar/utvalssekreær



Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks  
Postboks 57

5575 AKSDAL

Dato: 15.01.2021  
Vår arkivsakID: 20/21461  
Deres referanse:  
Saksbehandler: Anne Dagsland

## Tilbakemelding - etterlevingskontroll av regnskap 2019 - Kontrollutvalgets vedtak

Viser til brev datert 11.12.20 fra Haugaland Kontrollutvalgssekretariat om vedtak etter etterlevingskontroll av regnskap 2019, der rådmannen bes om å gi en tilbakemelding til utvalget om revisor sitt brev nr. 3.

Det vises til anskaffelsesreglene som en av de mest sentrale sidene ved økonomiforvaltningen i offentlig sektor, og til sentrale mål ved regelverket som effektiv ressursbruk ved konkurranse, forhindre korruption og bidra til innovasjon innen forskjellige områder.

Tysvær kommune tar dette på alvor og jobber målrettet for å bygge kommunen som en effektiv og profesjonell innkjøpsorganisasjon. Tysvær kommune har vedtatt to anskaffelsesstrategier (2011 – 2015 og 2016 – 2020), og neste er i prosess for tidsperioden 2021 – 2025. Anskaffelsesstrategi/Anskaffelsesreglement skal gi gode rutiner som skal sikre prosesser og dokumentasjon rundt anskaffelser i kommunen.

Etterlevelseskontrollen avdekker et forbedringspotensial, spesielt i forhold til oppfølging av administrative rutiner og retningslinjer.

I revisor sin oppsummering vises det til funn som sier at 6 av totalt 18 anskaffelser er skjedd uten konkurranse og at 6 av 11 er uten protokoll. De grunnleggende prinsipper som gjelder for alle anskaffelser er konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet. Anskaffelser med verdi under kr 100 000 er unntatt regelverket og reguleres kun av interne retningslinjer. Det er protokollplikt for alle anskaffelser med verdi over kr 100 000. Protokollen er offentlig.

### Avvik nr.1

Gjelder anskaffelse av et vedlikeholdsoppdrag med verdi kr 188 000, direkte anskaffet fra Aksland Bygg. Dette er oppgitt å være et hasteoppdrag grunnet lekkasje fra et tak i et kommunalt bygg. Kommunen ved teknisk drift oppgir å ha kontaktet vår rammeavtaleleverandør innen tømrertjenester – Recover Nordic, men disse hadde ikke kapasitet til å ta oppdraget på så kort tid. Det blir således gjort en direkte anskaffelse, ingen protokoll ble skrevet. Da dette var et hasteoppdrag vurderes det som at unntaksregel for «uforutsett omstendigheter der det ikke er tid til å gjøre en konkurranse» kan forsvaras. Likefullt skulle man skrevet protokoll.

### Avvik nr.2

Gjelder anskaffelse av anleggstjenester fra Birkeland Maskinentreprenør AS til en verdi på kr 358 737. Birkeland hadde kontrakt med A.Utvik om opparbeidelse av grunn for et nytt byggefelt i Hervikområdet. Det var eksisterende kommunale anlegg i området som krysset anleggsområdet. Det viste seg da gravingen startet at deler av den kommunale infrastrukturen var i dårlig forfatning om måtte byttes ut – det kommunale anlegget måtte oppgraderes. Birkeland fikk jobben mens anlegget likevel var åpnet og de var operatør for Utvik. Prisen til kommunen var lik den prisen de hadde mot Utvik. Dette var også et oppdrag som hastet, da man ikke kunne stanse vannforsyningen til boliger og gårdsbruk i området. Kommunen hadde ikke prosjektert dette, man ble gjort oppmerksom på forholdene i forbindelse med Utvik sitt anleggsprosjekt, derfor ble utbedringen dyrere enn

forventet. Rådmannen sitt skjønn her heller mot å forsvare en unntaksregel jf. «uforutsette hendelser». Likefullt er protokollplikten ikke ivaretatt.

### **Avvik nr. 3**

Bilaget på kr 328 800, postert som vedlikehold anlegg, fremkommer som en omposting i regnskapet gjort 31.12.19 med teksten fra investering til drift. Det opprinnelige bilaget gjelder et innkjøp til fast pris på Straumen skole, samt tillegg asfalt som avtalt ved synfaring. Innkjøpet er gjort av Vest Landskap AS. Leverandør er Vest Landskap, et datterselskap av Lek og Park, som Lek og Park eier 40% i. Disse har spesialisert seg på opprusting av grunn/montering, som oftest er en forutsetning for montering av utstyr. Montering er ikke del av kommunens rammeavtale for lekeplassutstyr. Lek og Park har således gitt et tilbud på montering fra sitt eget datterselskap, en jobb som ikke er omfattet av rammeavtale og som skulle vært konkurranseutsatt. Dette er trolig en ulovlig direkte anskaffelse og det er usannsynlig at det er utformet noen protokoll for anskaffelsen. Her burde vilkårene i rammeavtalen for lekeplassutstyr blitt fulgt og slik fått kjennskap til at den ikke omhandler grunnarbeider utenom gummilegging. Her har kommunen (i god tro pga. rammeavtalen med Lek og Park) gjort en ulovlig direkteanskaffelse i tillegg til brudd på protokollplikten.

### **Avvik nr. 4**

Dette gjelder en anskaffelse på kr 155 986 fra Salsnes filter for vedlikehold av et renseanlegg anskaffet etter konkurranse fra samme leverandøren. Oppdraget burde etter reglene vært konkurranseutsatt, men primært burde vedlikehold blitt tatt med som del av anskaffelsen av selve anlegget. Dette burde vært en konkurranse. Men i og med at dette ikke ble gjort ved anskaffelsen av selve anlegget burde den vært konkurranseutsatt og protokollert.

### **Avvik nr. 5**

Dette gjelder en anskaffelse på kr 300 000 fra Håland & Karlson og gjelder en reparasjon av gjerde på en kunstgressbane. Falkeid IL skulle sette opp deler av gjerdet, som tidligere er levert av Håland & Karlson. I forhold til å få et likt gjerde som vi allerede har, samt at Falkeid bestilte fra samme leverandør, fant kommunen det mest naturlig å gå videre med denne leverandøren. I forhold til fremtidig drift og vedlikehold vil det være fornuftig å ha én leverandør å forholde seg til. Den er derfor ikke konkurranseutsatt og heller ikke ført protokoll. Rådmannen sin vurdering er at det kan være et poeng å ha samme leverandør, men anskaffelse uten noen prosess med konkurranse eller forhandling kan fort bli kostbare og er brudd på prinsippet om konkurranse. Heller ikke protokollplikten er ivaretatt her.

### **Avvik nr. 6**

Gjelder et konsulentkjøp på kr 135 532 fra May Vik Consulting som er en konsulent kommunen har brukt før, med gode referanser, som ble anbefalt.

Dette er en direkte anskaffelse basert på tidligere kunnskap om konsulenten.

Tjenesten gjelder bistand knyttet til arbeidsmiljømessige forhold herunder kartlegging av arbeidsmiljø med et omfang på 100 timer med opsjon på ytterligere timer. Basert på tjenestens karakter, fremstår den ikke for å være unntatt jf. FOA §2-4. Anskaffelsen er ikke konkurranseutsatt og det foreligger ikke protokoll.

## **Vedlegg: Rutiner/Retningslinjer ved anskaffelser i Tysvær kommune**

**Mål: Anskaffingar skal gjennomførast profesjonelt med naudsynt tverrfagleg involvering og god kompetanse**

- Det er protokollplikt for alle anskaffingar med verdi over kr 100 000.- Protokollen skal arkiverast på saken og er offentleg.
- Terskelverdiane legg føringer for anskaffingsmetode.
- Type anskaffing kan også vera definerande for anskaffingsmetode.
- Tysvær kommune har som *hovedregel* heildigital anskaffingsprosess og avtaleforvaltning, ved Mercell konkurranse- og avtaleforvaltningsverktøy, som no er direkte integrert i ACOS Web, som betyr at arkivplikta er ivareteken.

- Dette er fellesskapet sine midlar kommunen skal utnytte på best mulig måte for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag. Det er et framleis eit betydeleg potensial i å *effektivisere* anskaffingane, for å oppnå lågare transaksjonskostnader, betre priser og betre behovsdekning. Samstundes skal kommunen gjennom anskaffingar også bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver som klimautfordringa og bekjemping av arbeidslivskriminalitet. Å gjennomføre anskaffingar som oppfyller disse forventningane krevjar *professionalisering*, gjennom blant anna satsing på kompetanse, betre styring, leiing og organisering.
- Økonomikontoret ved innkjøpssjef kan kontaktast for rådgjeving

Med hilsen

Sigurd Eikje  
Rådmann

Meike Baumgart  
Økonomisjef

*Dokumentet er sendt uten underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutiner.*

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kontrollutvalet	02.02.21	<b>4/21</b>
Kommunestyret	13.04.21	

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø		216

## **PROSJEKTET «TURVEG TIL HIMÅKÅNÅ» - RAPPORT FRÅ RÅDMANNEN OG ORDFØRAR**

### **Sekretariatet si innstilling:**

*Tysvær kommunestyre tar rådmannen sin rapport, dagsett 22.01.21, med vedlegg og ordførar si tilbakemelding om prosjektet «Turveg til Himakånå» til orientering.*

*Tysvær kommunestyre vil som læring framheve kor viktig det er med grundige forprosjekt og rett anbodsgrunnlag i framtidige byggeprosjekt.*

### **Vedlegg:**

1. Rådmannen si rapport, dagsett 22.01.21 (5 sider)
2. Ordførar si tilbakemelding, dagsett 14.01.21 ( 2 sider)
3. Avtale med grunneigar, dagsett 19.04.18 (8 sider)
4. Tilleggsavtale m/grunneigar om skogsbilveg, dagsett 19.04.18 ( 2 sider)
5. Referat frå møte 19.03.18 ( 2 sider)
6. Avtale m/Nedstrand Austre Felles Fjelleigedom, dagsett 16.05.18 ( 5 sider)
7. Avtale m/ HM Askvig Eigedom AS, dagsett 05.06.19 (2 sider)

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet vedtok i møtet 12.05.20, sak 8/20 følgjande samråystes vedtak:

*Tysvær kontrollutval ber om at det blir framlagt sak om «Turveg til Himakånå», etter at prosjektet er ferdigstilt, og med avslutta byggerekneskap for prosjektet.*

*Kontrollutvalet legg til grunn at dette kan gjennomførast hausten/vinteren 2020.*

*Kontrollutvalet si foreløpige vurdering er at kommunen har påtatt seg eit ansvar utan at dette har vore tilstrekkeleg saksbehandla før det blei iverksatt, og at dette i stor grad må sjåast på som eit politisk ansvar som har påført kommunen store uforutsette kostnader utan tilstrekkeleg administrativ styring, kontroll og budsjettmessig dekning.*

*Kontrollutvalet ønsker derfor at det blir gjeve ei samla vurdering frå rådmannen av prosjektet, frå det blei sett i gong, til etter det er avslutta.*

*Det skal utarbeidast ei skriftleg oversikt som tar opp i seg alle relevante forhold i saka.*

*Kontrollutvalet ønsker ei samla oversikt på alle avtaler som gjeld prosjektet, som parkering, sanitæranlegg og anna drift og vedlikehald av turistanlegget.*

*Vidare ber kontrollutvalet om at politisk leiing gjer ei skriftleg utgreiing om si rolle i prosjektet.*

Vedtaket bygget på ei oversending frå politisk sekretariat om kommunestyret sitt vedtak 18.02.20, sak 13/20 om tilleggsfinansiering av turvegen:

4. **Kommunestyret ber kontrollutvalget gå gjennom saken for å kartlegge hva som har skjedd, og hvorfor kostnadene er blitt så mye høyre enn prognosene.**

*Kommunestyret viser i den forbindelse til premissene i tidligere vedtak om målsetting om å redusere kommunens andel som ikke synes å være fulgt godt nok opp.*

Sekretariatet opplyste administrasjonen i brev av 18.05.20 at dei ville etterlyse saka på nyåret 2021, dersom det ikkje var mottatt tilbakemelding innan det.

Frå rådmannen og ordfører er det no mottatt skriftleg tilbakemelding. Vedlagt følgjer rådmannen sin rapport, dagsett 22.01.21 som vedlegg 1. Ordføreren si tilbakemelding, dagsett 14.01.21, følger som vedlegg 2. I tillegg er det oversendt avtalar og referat som følgjer saka som vedlegg 3-7.

Rapporten og i tilbakemeldinga vert det gjeve oversyn over historikk, milepæler, politiske vedtak, inngåtte avtalar og økonomien i prosjektet. Byggerekneskapen er ikkje ferdigstilt, men i følgje tilbakemeldinga vil det syne at det enno er ei trøng for 0,8 mill kr i tilleggsfinansiering. Framlegg til dekning av dette vil bli lagt fram i sak om årsoppgjeret for 2020 i juni.

Sekretariatet viser til forklaringa for at kostnadene er blitt høgare enn prognosane i rapporten, men vil i saksframlegget ta inn rådmannen si oppsummering av saka:

*«Fra ønske om en enkel turvei med små inngrep i naturen utviklet prosjektet «Turvei til Himakånå» seg til et ambisiøst, krevende og kostbart prosjekt. Det er i ettertid lett å konstatere at prosjektet Himakånå blei svært krevende økonomisk og presset frem uten å ha vært tilstrekkelig bearbeidet og modnet.*

*Prosjekt turveg til Himakånå skulle i utgangspunktet være et greit prosjekt å gjennomføre, noe kommunen har gjort tidligere med god kontroll, ref turveg sør for Aksdalsvatnet. Fra et tilsynelatende enkelt prosjekt blei turvegen til Himakånå mye mer krevende enn rådmannen så for seg i starten.*

*Selv etter gjennomgang og forsøk på forenkling sammen med grunneier, har en for å sikre varighet i et til dels krevende terreng med varierende grunnforhold, måttet legge seg på en relativt høy standard. På deler av strekket har grunneier krevd høyere standard enn turveg, dvs traktorvei og skogsbilvei. Dette er elementer som sammen med svært kort gjennomføringsperiode (krevd av grunneier) er med på å dra kostnadene opp.*

*Sett i etterpåklokskapens lys burde rådmannen etter første anbudet tidlig 2019 satt foten ned, gått gjennom hele prosjektet og dobbeltsjekket anbudsgrunnlaget. Noe som ville samsvare mer med kommunens rutiner der det er innarbeidet å gjennomføre grundige forprosjekt som grunnlag for detaljprosjektering og påfølgende anbud. Med en slik tilnærmet beste praksis, har en normalt god kontroll på kostnadene i et prosjekt.*

*Ved å sette en fot i bakken tidlig 2019 måtte en akseptert utsatt byggestart og trolig stengt turveien til Himakåna sesongen 2019. Med Himakåna som allerede ønsket og godt profilert turmål vurderte ikke rådmannen utsettelse som et realistisk alternativ».*

Frå ordførar si tilbakemelding vil sekretariatet trekkje fram følgjande:

*«Med etterhald om at ordførar har oversett noko har samlege saker og innstillingar blitt vedtatt samråystes vedteke. Det har i ordskiftet i møta blitt sett fram signal om at kommunen ikkje bør gå inn så mykje pengar, men likevel har ingen nye vedtak blitt sett fram.*

*Ordførar deler også synet om at ein burde sikra ein avtale med grunneigar før turmålet vart reklamert for. Dette siste har derimot ikkje vore kontrollert av kommunen. Media sine reportasjar, turgårar sine bilete som er blitt publisert på sosiale medier og gjort at internasjonale reiselivsmagasin har tatt turen og løfta fram Himakåna, Tysvær og Haugalandet i ein rekke artiklar. Deriblant vart det via destinasjonsselskapet løfta fram dei fem ikoniske turane i Rogaland, der Himakåna var ein av toppane. På spørsmål til kommunen i 2018 om kvifor ikkje ein reklamerte for Himakåna svara ordførar på vegne av kommunen at me måtte sikre nødvendig infrastruktur som ville tåle det trykket ei auka turistmengde ville gje».*

#### Sekretariatet sine kommentarar

Sekretariatet meiner kontrollutvalet og kommunestyret har fått det dei har bedt om, dvs ei samla vurdering av prosjektet. Utfrå situasjonen våren 2019 meinte rådmannen at utsatt byggjestart og truleg stengt turveg ikkje var eit alternativ til ikkje å starte opp prosjektet.

Prosjektet viser tydeleg kor viktig det er med godt forarbeid før prosjekt blir vedtatt og iverksett. Som læring vil sekretariatet innstille på at det vert framheva kor viktig det er med grundige forprosjekt og rett anbodsgrunnlag i framtidige byggeprosjekt.

Aksdal, 26.01.21

Toril Hallsjø (sign.)  
Dagleg leiar/utvalssekreter



Dato: 22.01.2021

Vår arkivsakID: 20/1359

Deres referanse:

Saksbehandler: Bjørn Bruaset

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks  
Postboks 57

5575 AKSDAL

## Turveg til Himakåna - rapport fra rådmannen

### Historikk

I løpet av kort tid blei Himakåna en svært godt besøkt turistdestinasjon. Etter sesongen 2017 var det tydelig at potensialet for økt turistsatsing var til stede. Og samtidig var det klart at infrastruktur som parkering, toaletter og den eksisterende enkle turstien ville måtte forbedres betraktelig dersom tilstrømmingen av besøkende skulle økes. Haugesunds Avis omtalte Himakåna i positive ordelag i juli 2017. Informasjon om Himakåna som lett tilgjengelig turmål med spektakulær utsikt spredte seg raskt langt utover Haugalandet.

Rådmannen blei i 2017 utfordret til å ta på seg realisering turvei til Himakåna. I første omgang blei destinasjonsselskapet og Nedstrand bygdalag engasjerte. Dette er omtalt i sak til formannskapet den 24.4.2018. Grunneierne var positive. En grunneier stilte krav til utførelse langt ut over vanlig tursti standard. Krav om traktorvei og skogsbilvei blei innfridd. Alternativet var at grunneier ikke ønsket å inngå avtale.

Da kommunestyret i 18.2.2020 behandlet sak om tilleggsfinansiering ble det også vedtatt å be kontrollutvalget gå gjennom saken for å kartlegge hva som har skjedd, og hvorfor kostnadene er blitt så mye høyre enn prognosene.

### Kort oppsummering av milepæler

#### Sak formannskapet 24.4.2018 «Himakåna-nødvendig tilrettelegging og finansiering»

Formannskapets vedtak:

*For å sikre nødvendig framdrift i arbeidet med å iverksette nødvendige strakstiltak som blant annet toalettforhold, ferdigstille leieavtaler med grunneiere og trafikksikring bevilget formannskapet kr 250.000. Formannskapet anbefaler at beløpet blir dekket av regnskapsoverskudd for 2017.*

*Formannskapet anser beløpet som et bidrag fra kommunen til en framtidig stiftelseskapital.*

*Formannskapet ber rådmannen også søke annen ekstern tilgjengelig finansiering for å styrke reiselivssatsingen omkring Himakåna.*

I saken orienteres det om Himakåna som har opplevd økende besøk, arbeid med grunneieravtaler, toalettforhold, parkering, forarbeid med opprettelse av stiftelse (Nedstrandsvekst). I saken står at det skal utarbeides et samlet prosjektbudsjett og finansieringsramme. Det står videre at det er kritisk for flere av tiltakene at disse kommer på plass umiddelbart.

Oppfølgende arbeid etter saken:

- Utarbeidelse av traseevalg i tett samarbeid med grunneier<sup>20</sup>
- Beslutte vegstandard og endelig trase
- Utarbeiding av anbudsdocumenter og utlysing
- Det ble i samme tidsrom brukt mye tid på etablering stiftelsen Nedstrands Vekst.

#### Sak formannskapet 5.2.2019: «Himakåna-budsjett og finansiering av turvei (trasè)»

Formannskapets vedtak:

1. *Formannskapet kan ikke anbefale økt kommunal tilleggsfinansiering slik framlagte prosjekt for turveg til Himakåna nå er lagt fram.*
2. *Formannskapet ber rådmannen arbeide for at det blir lagt fram alternative forslag til løsning av tilkomst til Himakåna.*
3. *Formannskapet ber rådmannen vurdere ulike finansieringsmodeller for kommunal medfinansiering utfra de alternative forslag som blir lagt fram.*

Det ble presentert følgende økonomi i prosjektet:

- anbud 6.350 mill kroner inkl mva
- inntekter 2.075 mill kroner
- manglende finansiering: 3 mill kroner

Oppfølgende arbeid etter saken:

- Rådmannen gikk gjennom prosjektet for å forenkle og redusere kostnader.
- Som følge av formannskapets vedtak så ikke grunneier at kommunen viste vilje til gjennomføre prosjektet og stengte stien til Himakåna. Oppslag i NRK-Rogaland den 2.4.2019: *Himakåna-stien er stengd Den største grunneigaren av stien opp til Himakåna i Nedstrand har stengt stien, skriv Haugesunds Avis. Over 12.000 besökande i året gir øydelagd sti og dyr på avvege. Kommunen har lova traktorveg, men bygginga er utsett for å få prisen lågare.*
- Det ble da en sterk politisk mobilisering for å sikre åpen sti til påsken.

#### Sak formannskapet 15.4.2019: «Himakåna-finansiering av turvei»

Formannskapets vedtak:

1. *Formannskapet vedtar økt kommunal tilleggsfinansiering slik framlagte prosjekt for turveg til Himakåna nå er lagt fram på kr. 1 337 000.*
2. *Finansiering av tillegg på kr 1 337 000 blir forskuttet av generelt disposisjonsfond, med endelig finansiering ved disponering av regnskapsoverskudd for 2018.*
3. *Formannskapet ber rådmannen gå i dialog med blant annet Nedstrand Vekst med mål om å redusere kommunens andel med minimum kr 300 000.*

Oppfølgende arbeid etter saken:

- Rådmannen var i dialog med Nedstrandsvekst uten at det er inngått formelle avtaler om søknader fra andre fond eller stiftelser. Det var en felles forståelse om å jobbe fram mulige tilskudd til prosjektet.
- 21.5.2019: Det ble gjennomført avklaringsmøte mellom kommunen og grunneier.
- Prosjektet ble delt i to etapper:

Etappe 1: Etablere skogsbilveg for å ta ut tømmer i turvegtrase og utbedring av gårdsvei; dette var en forutsetning for etappe 2.

Etappe 2: Realisering av kombinert traktorvei og turvei.<sup>21</sup> Det er etter påtrykk fra grunneier lagt opp til rask fremdrift.

- Gjennomført separate anbudsunder på etappe 1 og 2.
- Etappe 1 ble dyrere enn budsjettet underveis i byggefasesen. Byggetid på 1 måned gjorde det umulig å justere finansieringsbehov underveis. Tidspress også pga avtalt skogshogst som del av etappe 2.
- Etter anbud for etappe 2 viste laveste tilbud ca 3,6 mill kroner eks mva. Dette var overaskende høyt gitt de grep som er gjennomført for forenkle og gjøre prosjektet billigere samt at etappe 1 allerede er bygd. Det er 7 tilbydere der høyeste er 6,3 mill kroner eks.mva.

Det blei fremet sak til kommunestyret om tilleggsfinansiering.

#### Sak kommunestyret 18.2.2020: «Himakånå- tilleggsfinansiering av turvei»

Kommunestyrets vedtak:

1. Kommunestyret vedtar å forskuttere tilleggsfinansiering, slik prosjekt turveg til Himakånå nå er fremlagt på kr 2 915 206 eks. mva./kr 3 644 007 inkl. mva. Finansiering blir dekket ved disponering av regnskapsoverskuddet for 2019
2. Kommunestyret ber rådmannen jobbe med tilleggsfinansiering fra eksterne parter, som regionalt reiselivsfond og Nedstrand Vekst m.fl.
3. Kommunestyret legger til grunn at avtalen mellom grunneier og TK sikrer at allmennheten kan benytte seg av turveien til Himakånå fritt i avtaleperioden på 30 år, uavhengig av hvem som eier bruket.  
Kommunestyret legger til grunn at avtalen tinglyses.
4. Kommunestyret ber kontrollutvalget gå gjennom saken for å kartlegge hva som har skjedd, og hvorfor kostnadene er blitt så mye høyre enn prognosene. Kommunestyret viser i den forbindelse til premissene i tidligere vedtak om målsetting om å redusere kommunens andel som ikke synes å være fulgt godt nok opp.

Oppfølgende arbeid etter saken:

Restriksjonene på utvidet reiseliv som kom fra mars 2020 grunnet koronapandemien har gjort det utfordrende å få til tilleggsfinansiering fra eksterne kilder. Dette er noe rådmannen vil arbeide videre med når reiselivet igjen kan utvikles videre.

#### Inngått avtaler

Det blei brukt bistand fra ekstern konsulent under forhandling med grunneiere. I tillegg deltok næringssjef og idrettskonsulent. Inngåtte avtaler:

- Avtale med grunneiere Svein Ove og May Bente Hundsnes inngått den 19.4.2018.
- Tilleggsavtale med de samme grunneiere inngått 21.6.2018.
- Referat fra møte 19.3.2018 med de samme grunneiere. Referatet inneholder flere krav fra grunneierne. Flere av kravene blei innfridd.
- Avtale med Nedstrand Austre Felles Fjelleigedom inngått den 16.5.2018.
- Avtale med HM Askvиг Eiendom AS.

Det er i prinsippet enighet med Nedstrandsvekst om å inngå avtale om at Nedstrandsvekst skal ha ansvar for vedlikehold av turvegen til Himakånå, men først etter at det er gjennomført ettårs befaring i mai-juni 2021.

Rådmannen har i de politiske sakene nevnt tidligere rapportert om økonomien i prosjektet. Sammenstilt foreløpig regnskap viser nå et overforbruk på rundt 800 000 kroner. Dette blei først klart i forbindelse med sluttoppgjør med entreprenør sent på høsten 2020. Bakgrunnen er for en stor del undervurdert behov for masseutskifting og tilpasninger i et utfordrende terreng. Bl.a. viste det seg at berggrunn bestod av «råtafjell» som ikke er egnet som fundament, noe som medførte økt behov for tilkjørt kvalitetsmasse. Tidligere omtalte økninger av beregnet prosjektkostnad, samt en kostnadssprekk i denne størrelsesordenen i siste del av prosjektet, viser med all tydelighet at det blei igangsatt et umodent prosjekt. Et prosjekt det er lite sannsynlig ville blitt anbefalt gjennomført dersom fulle kostnader var kjent før igangsetting.

Forslag til dekning av overforbruk vil bli tatt inn i sak om årsoppgjør i juni.

## Oppsummering

Fra ønske om en enkel turvei med små inngrep i naturen utviklet prosjektet «Turvei til Himakånå» seg til et ambisiøst, krevende og kostbart prosjekt. Det er i ettertid lett å konstatere at prosjektet Himakånå blei svært krevende økonomisk og presset frem uten å ha vært tilstrekkelig bearbeidet og modnet.

Prosjekt turveg til Himakånå skulle i utgangspunktet være et greit prosjekt å gjennomføre, noe kommunen har gjort tidligere med god kontroll, ref turveg sør for Aksdalsvatnet. Fra et tilsynelatende enkelt prosjekt blei turvegen til Himakånå mye mer krevende enn rådmannen så for seg i starten. Selv etter gjennomgang og forsøk på forenkling sammen med grunneier, har en for å sikre varighet i et til dels krevende terreng med varierende grunnforhold, måttet legge seg på en relativt høg standard. På deler av strekket har grunneier krevd høyere standard enn turveg, dvs traktorvei og skogsbilvei. Dette er elementer som sammen med svært kort gjennomføringsperiode (krevd av grunneier) er med på å dra kostnadene opp.

Sett i etterpålokspens lys burde rådmannen etter første anbudet tidlig 2019 satt foten ned, gått gjennom hele prosjektet og dobbeltsjekket anbudsgrunnlaget. Noe som ville samsvare mer med kommunens rutiner der det er innarbeidet å gjennomføre grundige forprosjekt som grunnlag for detaljprosjektering og påfølgende anbud. Med en slik tilnærmet beste praksis, har en normalt god kontroll på kostnadene i et prosjekt.

Ved å sette en fot i bakken tidlig 2019 måtte en akseptert utsatt byggestart og trolig stengt turveien til Himakånå sesongen 2019. Med Himakånå som allerede ønsket og godt profilert turmål vurderte ikke rådmannen utsettelse som et realistisk alternativ.

Med hilsen

Sigurd Eikje  
rådmannen

Bjørn Bruaset  
kommunalsjef teknisk

*Dokumentet er sendt uten underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutiner.*

## Vedlegg

Avtale med Svein Ove og May Bente Hundsnes  
Tilleggsavtale med Svein Ove og May Bente Hundsnes  
Møtereferat med avtalepunkter fra møte 19 03 2018





Dato: 14.01.2021

Vår arkivsakID: 20/1359

Deres referanse:

Saksbehandler: Sigmund Lier

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks  
Postboks 57

5575 AKSDAL

## Turveg til Himakånå - tilbakemelding frå ordførar

Syner til vedtak i kontrollutvalet med bestilling av sak om «turveg til Himakånå». Det vert i bestillinga bedt om ei skriftleg utgreiing av politisk leiing si rolle i prosjektet.

Underteikna har i e-post, datert 18.12.20 etterspurt kva kontrollutvalet legg i begrepet politisk leiing. Grunnen til dette var få fram om det var ordførar som var meint, men ikkje brukt som begrep, eller om kontrollutvalet tenkte breiare. Kontrollutvalssekretariatet har i e-post 13.1.21 lagt til grunn at det er ordførar som er meint.

Ordføraren sitt første kjennskap med Himakånå var via redaktør i Haugesunds avis som held på å lage reportasje om fjellformasjonen. Reportasjen stod på trykk i fellesferien 2017 og retta seg inn mot lokale fjellturar. Etter denne reportasjen vart det eit stort lokalt oppsving i antal personar som gjekk turen. Ordføraren vart kontakta av fleire næringsdrivande på Nedstrand som såg med glede og forventning på den veksten innan reiseliv Himakånå kunne gje.

